

# Er du vår nye kyrkjelydspedagog?

## Vi søker kateket / kyrkjelydspedagog i 40 % fast stilling

Aukra kyrkjelege fellesråd har ledig 40 % fast stilling som kateket/kyrkjelydspedagog i Aukra sokn. Stillinga omfattar i første omgang oppgåver og ansvar for kyrkjeleg undervisning for barn og unge i aldersgruppa 0 – 18 år etter vedteken trusopplæringsplan. Planen står framfor revisjon i høve til nyleg vedteken *Plan for kirkelig undervisning og læring*.

Aukra er ein eittsoknskommune med 3700 innbyggjarar, der om lag 2550 personar bur på hovudøya Gossen og 1150 i fastlandsdelen Julsundet. Ferja mellom Gossen og Julsundet går jamleg og tek 12 minutt. Kommunen har godt utbygde servicetilbod, eit aktivt kultur- og idrettsliv og stor kristeleg aktivitet.

### *Arbeidsoppgåver:*

- Planlegge og gjennomføre kyrkjeleg undervisning og læring retta mot barn og ungdom
- Ta del i konfirmantarbeidet
- Rekruttere, motivere og følgje opp frivillige medarbeidarar
- Noko kvelds- og helgearbeid inngår i stillinga.

### *Kvalifikasjonar:*

- Relevant høgare utdanning med vekt på kristendom og pedagogikk
- Erfaring frå og interesse for arbeid med barn og unge
- Erfaring frå frivillig kyrkjeleg arbeid
- Grunnleggande datakunnskap
- Søkar må være medlem av Den norske kyrkja

### *Personlege eigenskapar:*

- Gode formidlings- og kommunikasjonsevner i møte med barn og unge
- Initiativrik, fleksibel og løysingsorientert
- Gode leiareigenskapar
- Engasjement for teamarbeid og å skape eit godt og inkluderande arbeidsmiljø
- Evne til å arbeide sjølvstendig
- Evne til å skape gode relasjonar
- Gode pedagogiske evner
- God skriftleg og munnleg kommunikasjonsevne på norsk eller anna skandinavisk språk
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt

### *Vi tilbyr:*

- Godt arbeidsmiljø og stabsfellesskap
- Fleksibel arbeidstid
- Kontor i kontorfellesskap på Aukra kyrkjelydshus
- Tilsetting og løn i samsvar med gjeldande avtaleverk for kyrkjeleg sektor
- Pensjonsordning i KLP

### *Søknad og kontaktinformasjon:*

- Søknad med vitnemål og attestar sendast elektronisk via [www.kirkejobb.no](http://www.kirkejobb.no)
- Søknadsfrist: 17.03.2025
- Tilfredsstillande politiattest må kunne leggest fram ved tilsetting, jf. Trussamfunnslova § 20
- Prøvetid: 6 mnd.
- Kontaktpersonar: Leiar i Aukra sokne- og fellesråd Erlend Melby, e-post [erlend.melby@korsvikbakken.com](mailto:erlend.melby@korsvikbakken.com), tlf. 922 20 253 eller fung. kyrkjeverje Max Ingar Mørk, e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no), tlf. 951 85 921

Vi gjer merksam på at vi også har ledig 60 % stilling som kantor / organist / kyrkjemusikar. Dersom søkeren er kompetent og interessert, kan ulike kombinasjonar av stillingane diskuterast.